

ÅRSMØTEREFERAT 2024

Årsmøtet vart halde på Skei 16.03. med 25 frammøtte medlemar.

1. Opning.

Leiar Bjarne Horsevik ynskte årsmøtedeltakarane velkomne. Deretter mintest årsmøtet dei medlemane som har gått bort.

2. Val av møteleiar, sekretær og 2 til å skriva under møteprotokollen

Desse vart samrøystes valde:

Bjarne Horsevik – møteleiar.

Vidar Lægreid – sekretær

Håkon Råheim og Arne Ødegård – underskriving av møteprotokollen.

3. Godkjenning av innkalling.

Innkalling til årsmøtet var utsendt til medlemane i god tid på førehand. Ingen hadde merknad her.

4. Årsmelding for 2023.

Årsmeldinga var utsendt til medlemane saman med innkallinga.

Møteleiar Bjarne Horsevik las gjennom den fyldige årsmeldinga og kommenterte enkelte saker. Når det gjeld sponsorar, så må Vy og Lærdal kommune også nemnast i årsmeldinga.

Årsmeldinga vart samrøystes godkjend og vert vedlagt møtereferatet.

5. Rekneskap for 2023.

Kasserar Per Lien gjekk gjennom rekneskapen og kommenterte enkelte postar. Driftsunderskotet i 2022 vart no i 2023 snudd til eit fint overskot, og rekneskapen viser at avdelinga framleis har ein solid eigenkapital, noko som vitnar om svært god drift.

Den framlagde reviderte rekneskapen vart samrøystes godkjend og vert vedlagt årsmøtereferatet.

6. Budsjett for 2024.

Kasseraren gjekk også gjennom forslag til budsjett for 2024. Som arrangør av RHF sitt landstreff i Førde i mai, reknar ein her med eit heller stort overskot. Det er difor budsjettert med eit overskot på drifta i 2024.

Men kasseraren understreka at budsjettet er eit arbeidsverktøy og at mange av postane er usikre.

Årsmøtet vedtok at forslaget skal vera avdelinga sitt budsjett for 2024.

7. Innkomne saker.

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet.

8. Val

Leiar i valnemnda, Kurt Magne Neset, la fram nemnda sitt forslag. Alle vala var samrøystes og i samsvar med valnemnda sitt forslag.

Styret

Leiar:	<u>Bjarne Horsevik</u>	Ikkje på val. Valt for 2 år i 2023.
Nestleiar:	Endre Hellebust	På val. Ynskete ikkje attval
	Steinar Følling	Ny. Valt for 2 år
Kasserar:	Per Lien	Attval. Valt for 2 år
Sekretær:	<u>Vidar Læg Reid</u>	Ikkje på val. Valt for 2 år i 2023.
Styremedlem:	<u>Eivind Bell</u>	Ikkje på val. Valt for 2 år i 2023.
Styremedlem:	Arne Kjell Fimland	På val. Ynskete ikkje attval.
	Jan Ove Haarklau	Ny. Valt for 2 år
Styremedlem:	Jonfinn Alme	Attval. Valt for 2 år
Varamedlem:	Olav Grinde	Attval. Valt for 1 år
Varamedlem:	Ivar Møgster	Attval. Valt for 1 år
Revisor:	Reidar Holsen	Attval. Valt for 1 år
Revisor:	Leonard Birkeland	På val. Ynskete ikkje attval.
	Jon Frøysland	Ny. Valt for 1 år
Valnemnd:	Kurt Magne Neset	Attval
	Audun Hovland	Attval
	Oddmund Frøsland	Attval

Dei som no gjekk ut av styret, Endre Hellebust og Arne Kjell Fimland, og revisor Leonard Birkeland, vart takka av med blomsterhelsing.

Etter årsmøtet var det matserving, sponsa av Skei Servicenter, og orientering om landstreffet i Førde 10. og 11. mai.

Vidar Læg Reid
-sekretær-